

MENIGHETSBLAD



DEN NORSKE KIRKE

Gjesdal og Ålgård sokn

Nr. 3 | 2018

Hva er egentlig Olsok?
Årets flotte konfirmanter

Portrettet: Torgrim Bødalen



Menighetsblad for Gjesdal og Ålgård

Nr. 3/2018
Årgang 53
Opplag: 4700

Redaksjon

Kristine Hiim Gilje
Erik Tangedal
Anne Lise Tyssebotn Gjesdal
Målfrid H. Bjørgaas

Trykkeri: Gunnarshaug Trykkeri

Forside: Noen av konfirmantene i Dirdal: Maria Gilje, Tuva Campbell, Emma Hansen Antonsen, Kaleb Mathias Gustavsen og Nils Christian Berge, med prestene André Skjærpe og Bjarte Hetlebakke.
Foto: Magnus Johan Stokke.
Illustrasjoner er hentet fra www.kirken.no

Frist neste nummer: 29.august
Klart for ombæring: 12.september

Kontaktinfo

kristine.h.gilje@gjesdal.kommune.no

Kontonummer for gave til
menighetsbladet: 3201 08 33409

Andre henvendelser

Gjesdal kyrkjekontor
Besøksadr.: Kyrkjeveien 21,
4330 Ålgård
Åpent tirsdag-torsdag: 10.00-14.00
Postadr.: Rettedalen 1, 4330 Ålgård
Tlf: 51 61 49 40
E-post: kirken@gjesdal.kommune.no

Våre nettsider

www.gjesdal.kirken.no
www.algard.kirken.no

**NMS
gjenbruk
Ålgård**



Åpningstider:
Tirsdag - fredag
11.00 - 17.00
Lørdag 10.00 - 15.00

Ansatte og ledere

Sokneprest Ålgård
Oddbjørn Stangeland
950 34 067

Sokneprest Gjesdal
Bjarte Hetlebakke
51 61 49 40

Prest Ålgård
Mikkel Eikill Jebe
474 14 843

Kirkeverge
Aud Marit Eidsaa Hauge
900 96 936

Ungdomspastor
Joar Idsøe
981 21 033

Diakon
Tonje V. Bjerkreim
952 76 505

Kateket
Leif H. Nyborg
412 70 574

Trosopplærer og
administrasjonsmedarbeider
Kristine Hiim Gilje
977 65 416

Dagleg leiar Gjesdal sokn
Leiar trusopplæring
Tone Middelthun
990 31 102

Administrasjonsleder og
daglig leder Ålgård menighet
Bente E. Johnsen
51 61 49 40

Leiar Gjesdal kyrkj. fellestråd
Lars Arne Ueland
957 24 430

Leder Ålgård menighetsråd
Øyvind M. Gran
906 55 440

Leiar Gjesdal sokneråd
Svein Ingve Nødland
951 68 460

Organist
Sigmund Haaland
920 87 852

Kyrkjetenar Dirdal
Eivind Haaland
992 62 668

Kyrkjetenar Ålgård
Nils Haaland
958 03 916

Kyrkjetenar Oltedal og Gjesdal
Eric Lester Larson
483 54 250



Foto: Bente Emberland Johnsen

Den sommaren

Det var den sommaren
då høyet lukta søtt og nytt

Svaberga var så reine
den sommaren

Den gode brisen
som bles den sommaren
var full av lovnad og
fuglesong

Den sommaren var lufta klårare
sjøen saltare
vona villare
enn nokon annan gong

Den sommaren
vermer eg meg på
enno

Av Anne Lise Tyssebotn Gjesdal





Pilegrimsvandring for heile Jæren prosti

**I sommar blir det 2 pilegrimsvandringar
for heile Jæren prosti langs Kongevegen:**

24. juni 2018 - Jonsok kl. 18.00

Frå Tusenårsplassen ved Obrestad Hamn via Hå gamle prestegard, Kristkrossen på Njærheim og «Stille rom» i Obrestad fyr. Vandringsleiar er Roald Byberg. Ta med mat og drikke.

29. juli 2018 - Olsok kl. 16.00

Frå Tusenårsplassen ved Obrestad Hamn til kveldsgudsteneste på Varhaug gamle kyrkjegard (kl. 19.00). For dei som ønskjer det, kan dei slutta seg til vandringa nedafor Grødalandtunet. Vandringsleiar er Kjell Børge Tjemsland. Ta med mat og drikke.

Velkomne til å vere med langs ein fantastisk flott pilegrimslei og vakker turveg!

I glede, i ferie og i vanskelige avgjørelser..


Ålgård menighetsråd gjorde i april et vedtak om at videre eierskap av Ålgård gamle kirken skal enten være Gjesdal kommune eller Ålgård menighet. Skal eiet videreføres i menigheten, vil kirken søkes nedlagt og revet, for å gi plass til ny gravplass på Ålgård. Skal Gjesdal kommune overta eierskapet, blir kirken også nedlagt og bruken av kirken må tilpasses Gravferdsloven. Saken vil komme opp i kommunestyret etter sommeren, og Ålgård menighetsråd og Gjesdal kirkelige fellesråd vil gjøre sine endelige vedtak i oktober-møtene. Saken vil deretter gå videre til behandling hos biskop og departement.

I løpet av april og mai har nærmere 80 ungdommer blitt konfirmert i Dirdal, Oltedal, Gjesdal og Ålgård. Vårt ønske er at ungdommene skal få kjenne tilhørighet til menighetene de har fått blitt bedre kjent med gjennom året, og gleder oss over at mange vil være med videre som ledere til høsten.

Det er roligere tider på kirkekontoret i sommer, men det er høysesong for vielser. Det er også gudstjenester gjennom hele sommeren, annenhver uke i soknene. Følg med i menighetsbladet eller på www.gjesdal.kirken.no og www.algard.kirken.no. Kirkekontoret vil holde stengt uke 29.

Med ønske om Guds fred og glede gjennom sommeren!

**Kan du se deg selv
med Guds blikk, uansett
hvor vakkert det er?**



Olsokfeiring i Gjesdal

Olsok, den 29. juli, er feiringa av Olav den Heilage sin dødsdag i 1030. Olsok var den viktigaste norske kyrkjefesten i mellomalderen, og vart feira i heile Norden. Opprinneleg var hovudfeiringa kvelden og natta til den 29. Olsok tyder Olavsvake, altså vakenatt for Olav.

Olav Haraldson vart etter at han fall på Stiklestad gravlagd i Trondheim. Alt året etter vart kroppen hans teken opp, lagt i skrin, og sett på høgalteret i Klemenskyrkja i Nidaros. Det vart fortalt om mange helbredelsar av folk som bad ved skrinet hans. Same året vart han gjort til helgen, og ved sida av Maria var han den viktigaste helgenen heilt fram til reformasjonen. Lenge etter dette hadde han ein viktig plass i tanke- og truslivet. Det vart sett opp Olavskyrkjer ikkje berre i Norden, men i større byar som Novgorod, London og York.

Feiringa av olsok har hatt ein sterk tradisjon gjennom hundreåra, og vart feira også etter reformasjonen. Frå min eigen barndom minnest eg både olsokbål og olsokgraut. Frå 1930 har olsok vore offisiell flaggdag.

Slaget på Stiklestad markerer innføringa av kristendommen i Noreg, og også den endelege samlinga av Noreg. Det er difor ein dag det høver å samla oss og markera våre verdiar og vår kultur. Mange stader i landet er det lokal feiring av olsok, og også i Gjesdal.

Det var Gjesdal mållag som starta opp att feiringa av olsok her i 1954. Arrangementet vart då kalla Olsokstemna, og det har vore årvisst sidan. Mållaget har jo som føremål å arbeide for norsk språk og kultur, så det høver godt på denne kvelden. Stemna tek til med olsokgudsteneste i Gjesdal kyrkje, som regel forretta av ein av dei lokale prestane. I år er det tidlegare misjonsprest Roald Byberg som forrettar.

Etter gudstenesta går så festlyden ned til Gjesdal Bygdahus, der det er gjort klar til fest på tradisjonelt vis. Det er alltid ein talar, og emna kan vera svært varierte, sidan talaren

får velje sjølv, og då vel noko som vedkomande er oppteken av. I år skal Unn Birkeland vera med og fortelje frå Pårø-andesenteret i Stavanger.

Etter talen blir det så servert skikkeleg norsk tradisjonsmat, rjomegraut med flatbrød og spekemat. Det er god og lang pause, så det er god tid til drøs.



Foto: Bjørg Bollestad

Andre faste innslag i festen er song og musikk, både fellessong av festlyden, og musikalske innslag å lytta til.

Mållaget har i alle år hatt eit lagsblad, "Måltrosten", som blir lese opp. Og på kvar olsokfest blir det delt ut ei utmerking til ein person som har gjort ein innsats for nynorsken. Utmerkinga heiter "Målniven", og har form av ein handlaga kniv med inskripsjon.

Vi har snakka med noverande leiar i Gjesdal mållag, Dagfrid Søyland. Og ho fortel at det er planlagt ein fest etter god, velprøvd oppskrift. Det har synt seg at folk trivst på festen, og mange kjem att år etter år. I år er nettopp du invitert til Olsokstemne!

Anne Lise Tyssebotn Gjesdal



Alterbilde fra Nidaros som viser Olavs død på Stiklestad.

Portrettet: Torgrim Bødalen



TEKST OG BILDER: MÅLFRID H. BJØRGAAS

En solrik vårdag har menighetsbladet invitert seg selv hjem til Torgrim og Norun i Småberget. Edlandsvatnet skimtes så vidt fra hagen, og han byr på kaffi, juice og jordbær mens vi tar en prat over koppen.

Du er en aktiv frivillig medarbeider i Ålgård menighet, Torgrim! Hvem er du egentlig?

Jeg kommer fra flere steder, kommer an på hvordan du ser det. Vi bodde noen år i Tromsø da jeg var liten. (aha, det var det jeg hørte, at det er noe nordnorsk der....). Så flyttet vi til Skien, og så til Stavanger da jeg var i ungdomsalderen.. Og så til Ålgård, i voksen alder. Jeg har vokst opp i menigheter og kristne fellesskap, så det har alltid vært en del av meg.

Jeg startet i nær-radioen i IMI-kirken i Stavanger som 15-åring. Etter hvert ble teknikk og lyd en hobby og også min tjeneste i forskjellige menighetssammenhenger. Jeg jobber med salg av teknisk lydutstyr, så der også har denne interessen blitt med meg. Vi var først med i Kristkirken noen år. Så ble vi med på gudstjenester på GUS da Bærland menighet flyttet dit. Jeg hadde en god del ansvar i Kristkirken,

og jeg kom til et punkt da jeg måtte ha en pause, være "off" en stund. Vi gikk på GUS uten noe ansvar i begynnelsen og det var godt og viktig akkurat da. Jeg havnet etter hvert ved miksepulten på GUS også. Jeg har alltid vært slik at jeg har søkt oppgaver når jeg har kommet nye steder. Da er jeg "med" på en annen måte. Jeg blir en del av og får eierskap til fellesskapet, og det trives jeg med. Men jeg liker meg best i kulissene (les. ved miksepulten), trenger ikke stå framme og være så synlig. Jeg har ikke behov for å bli nevnt og takket så mye, bare jeg vet at jeg gjør en god og viktig jobb.

Jeg tenkte en stund, og så fikk jeg en visshet for at det var riktig for meg å bli med på arbeidet med den nye kirken. Så jeg ringte til presten og sa at jeg var disponibel for komiteen for lyd, lys og bilde, hvis de trengte meg. Og så ble det sånn.

Du fikk en visshet, sier du. Hvordan virker det? Det kan jo høres litt overåndelig ut.....

Det er ikke overåndelig, tror jeg. Men det er vel gjerne åndelig?? I den forstand at jeg tror tanker, følelser og visshet kan feste seg som et resultat av Guds påvirkning, gjennom den Hellige Ånd. Da er det liksom ikke bare meg som finner på det.....Jeg kan sikkert ta feil av og til, men jeg handler på det likevel. Så får andre avgjøre om de har bruk for meg, eller om det jeg kommer med finner vei inn til noen som Gud ser at trenger det. Jeg tror Gud er raus, sånn.

Jeg ble som sagt med i den kirkekomiteen, og da kirken ble ferdig i 2015 kjørte jeg "Easy worship" der (et program for sanger på skjerm) Øystein Fuglestad var leder for det tekniske den gangen, og jeg ble med på det praktiske sammen med Torbjørn og Joar og etter hvert Guro Fuglestad (et skikkelig familieteam, altså....). Så kom det en utfordring om at det trengtes en ny leder i

ungdomsmenigheten Surrender. Og så skjedde det samme en gang til som da jeg ble med i komiteen. Jeg kjente på en uro som festet seg og ble til en visshet om at det skulle bli meg. De siste tre åra har jeg brukt to lørdagskvelder pr måned sammen med ungdommene der. Det har gitt meg veldig mye! Joar (ldsøe, ungdomspastor) og jeg samarbeider godt og har funnet en god måte å dele ansvaret på: Han tar det åndelige, og jeg mest det praktiske!

Jeg har hørt at du skal overta hovedansvaret for lyd, lys og bilde fra høsten. Har du fått samme vissheten denne gangen også?

Ja, faktisk så har jeg det. Så da skal jeg avslutte i Surrender, iallfall lørdagskveldene. Jeg mener at det skal være lett å påta seg en oppgave i menigheten (gjørne ved å melde seg selv til noe du er motivert for og god til...), men det skal også være lett å avslutte en tjeneste når tiden er inne for det. Ingen får energi av å drive på med noe de egentlig ikke orker eller er motivert for lenger, bare fordi de ikke vet hvem som skal ta over!

Så det trengs en ny frivillig i Surrender på lørdagskvelder til høsten. Kanskje det skal bli deg??

Hvordan får du energi til alt dette engasjementet?

Jeg har tre punkter på det: 1: det er gøy. 2: jeg vet at det er viktig, og 3: jeg trives. Skriv at det gir mer enn det koster! Jeg får fellesskap, gode samarbeidspartnere og venner, meningsfull fritid og nærhet til Gud mens jeg ser at det jeg gjør har betydning for mange andre! Det er mer enn tre ting på en gang....Og så er det altså lov til å avslutte, velge noe annet eller ta en pause om det trengs. Dermed blir jeg ikke bundet fast på noen negativ måte.

Har du et fyndord til slutt?

Da må det bli å gjenta det jeg sa nettopp: Frivillig tjeneste gir mer enn det koster! Bli med, så får du se!

Fest og pest på Solskinsøya Madagaskar

TEKST: ERIK TANGEDAL. FOTO PRIVAT.

Får du henne til å seia noko som helst om Madagaskar? Odd Magne Fjermestad veit at kona hans ikkje er å stoppa når du spør henne om jubileumsturen hausten 2017. Og Maria Nordland boblar over av inntrykk og glede for det ho fekk vera med på.

Maria Nordland frå Ålgård og Pauline Gilje frå Dirdal hadde 150 års feiring av norsk nærvær på Madagaskar som mål, eller rettare sagt: Den lutherske kyrkja sitt 150 års jubileum.

På det opphavlege programmet stod ei 6 dagars feiring fram mot kjempesamlinga søndag 30. oktober med friluftsgudsteneste for fleire titals tusen i landsbyen Betafo. Misjonsprest John Eng heldt si første gudsteneste her i desember 1867.

Men ein alvorleg epidemi med lunge- og byllepest sette stoppar for alle store samlingar. I staden vart det "norsk" intern feiring for ca 150 gjester derav 120 norske på den tidlegare norske barne-skulen i Antsirabe 27.-29. oktober. Med statsmidlar frå Noreg er skulen omgjort og utbygd til konferansesenteret "LOVASOA", "Den Gode Arv".

Visegeneralsekretær i FN Erik Solheim var gjest og fortalde at han i si tid som utviklingsminister hadde trass motstand



Fru Hasina har teke mot Maria før.



Pauline og Maria i atelier Fanja.

i departementet gått inn for statsstøtte til Lovasoa, noko han nå såg var rett.

Respekt og varme. Tolk og reiseleiar var sokneprest Martin Ivar Arnesen og kona Sigrun som er sokneprestar i kvar si sokn i Ryfylke. Dei har i fleire år vore misjonærar på Madagaskar. "Det var ei oppleving å sjå møtet mellom misjonæren og gassarane", seier Maria. "Så stor gjensidig respekt og varme!".

Den lokale reiselivsoperatøren fru Hasina kan ikkje Maria få gitt nok ros.

Ho har utdanning frå Hotellhøgskolen i Stavanger. Hasina hadde lagt opp reiseruta på Madagaskar førre gong Maria var på Madagaskar for 12 år sidan, den gongen på sykkeltur med Tore Nærland. Hasina driv også sosialt arbeid for barna i nærmiljøet. 100 av desse barna stilte opp og song utanfor hotellromet der Maria låg sjuk med magesjau. Nokre dagar med magertrøbbel høyrer vel med på ein slik tur.

Dåpsklutar for norske dåpsbarn.

Fru Fanja starta i 1994 broderiundervisning for fattige damer i Antsirabe. Nå har ho eige atelier der 40 damer livnærer seg med syarbeid i "Broderi Fanja". Dåpsserviettane som norske dåpsbarn får med seg heim etter dåpen, er sydde i atelieret til Fanja. 1200 dåpsklutar i året til norske kyrkjelydar hjelper på økonomien slik at fru Fanja slepp seia opp folk når broderisalet lokalt i periodar går ekstra tregt, fortel Maria, og legg til: Barna til sydamene i atelier Fanja får servert eit varmt måltid for dagen. Då kjem det 50 svoltne barn og får eta seg mette. To gonger i året får dei også legetilsyn. Maria har observert godt og notert på blokka si.

"For 60 år sidan var Madagaskar og Sør Korea på same nivå. Nå er Sør Korea 390 gonger rikare, og Madagaskar femte fattigaste landet i verda. Det var veldig vondt og sårt å sjå fattigdommen, men folka me møtte dei var så skjønne!"

Artikkelen blir trykket på ny, pga feil i forrige nummer

Dåp uansett alder



ER DU ELLER BARNA DINE IKKE DØPT?

Velkommen til dåpsfest for større barn 29.sept eller Drop-in dåp.

En e-post tikker inn til presten: «Jeg ble ikke døpt som barn. Går det an å bli døpt som voksen?» Selvfølgelig. Vi blir enige om drop-in dåp en onsdag ettermiddag.

Vi hadde planlagt dåp av to konfirmanter. Så kommer spørsmålet fra lillesøster på 11-år: «Kan jeg også bli døpt?» Selvfølgelig.

Hvorfor vente til konfirmasjonstiden? Det er ikke alltid like lett å ta valget om dåp midt i tenårene. Forskning viser at barn er opptatt av åndelige spørsmål, og at de fleste barna utvikler egen tro før de fyller 13 år. Nå har du anledningen til en samtale om tro og dåp for barnet ditt som ikke er døpt: Vil du være med på dåp og dåpsfest i Ålgård kirke lørdag 29. september? Eller avtale en Drop-in dåp?

Ta kontakt med prest eller kirkekontoret.

BARNES TROSGRUNNLAG

Bibelen sier: «Lær den unge veien han skal gå, så forlater han den ikke når han blir gammel.» Ordsp 22,6

- Barn har en iboende tro fra de er helt små, og trenger åndelig næring.
- Gudsbilde og en oppfatning av hva som er rett og galt er stort sett ferdig formet før barna er 9 år
- De fleste tar imot Jesus før de fyller 13 år
- Trosgrunnlaget er stort sett på plass før de fyller 14 år

Kilde: George Barna, Barna Group/Search Institute USA <https://www.barna.com/>

OM MEDLEMSKAP I DEN NORSKE KIRKE

Den norske kirke er en folkekirke som henvender seg til hele befolkningen. Også de som ikke er medlemmer i Den norske kirke er velkomne til kirkens gudstjenester og andre arrangementer.

Hva betyr det å være medlem:

- Du er en del av et kristent trossamfunn – med kirkebygg og gudstjenester, markering av høytidene og livets store merkedager og en hverdagskirke med mange aktiviteter for barn, unge, voksne og eldre.
- Du kan gifte deg og bli begravet, gratis. (Du kan få kirkelig begravelse uten å være medlem, men de pårørende må betale for dette.)
- Du kan stemme ved kirkevalg og ha jobb eller tillitsverv i kirken.

Det er ingen medlemsavgift eller særskilt kirkeskatt for medlemmer i Den norske kirke. Kirken finansieres av stat og kommune. Mange menigheter har fast givertjeneste for å finansiere ekstra satsning på barn og unge.

Til ettertanke:

- Tenk om det ikke var et kirkebygg i ditt lokalmiljø.
- Tenk om det ikke var et tilbud for barn og unge i kirken.
- Tenk om det ikke var dåp, konfirmasjon, vielse og begravelser.
- Kanskje kirken betyr mer enn du tror?

Barn og medlemskap i kirken.

- Barn blir medlem i kirken gjennom dåpen.
- Et barn som ikke er døpt, kan likevel stå som tilhørig i Den norske kirke så lenge en av foreldrene er medlem. Dersom begge foreldrene melder seg ut av kirken vil deres barn ikke lenger være registrert som tilhørig i Den norske kirkes medlemsregister.
- Ungdom i alderen 15-18 år bestemmer selv hvorvidt de ønsker å være medlem av Den norske kirke.
- Alle barn som er døpt eller tilhørende får invitasjon til trosopplæring i Ålgård menighet.

På kirkebakken

STASJONSKLUBBEN

For mennesker med nedsatt funksjonsevne i regi av Ålgård menighet.

En lørdag i måneden kl.12.30-14.30 i Ålgård kirke

SAMLINGER HØSTEN 2018:

25. august

29. september

20. oktober (gudstjeneste 21)

17. november

15. desember

PROGRAM:

Samling i Kirkerommet, mat og koselig prat i kafeen (underetasjen)

Hjertelig velkommen



Internasjonal aktivitetsdag

Connect Nations arrangerer sommer-markering. Det blir en internasjonal aktivitetsdag i Perlå på Ålgård 4.august kl 14.30-18.00

Grilling, slush og ulike aktiviteter: Hoppeslott, kano-paddling, bading, volleyball, fotball, badminton osv...

En innholdsrik dag med mange kjekke aktiviteter. Sammen skaper vi en møteplass på tvers av ulike kulturer.

Følg med facebook for oppdateringer:
facebook.com/algardmenighet



TUR & DRØS -og en liten kaffidråpe

Lett tur fra Ålgård kirke kl 10.00-11.30
annenhver tirsdag (i oddetallsuker)



Møt opp ved kaféinngangen
Kontaktperson Inger Johanne Ravndal Lima, tlf 918 62 161

Gleder og utfordringer i Saku

Av Inger Bjelland

I Gjesdal sokn har vi to menigheter i Estland som vårt misjonsprosjekt. Sist hadde vi litt fra Mustamæ, denne gangen sakser vi litt fra nyhetsbrevet fra St. Thomas i Saku. Der har NMS en misjonærfamilie, Ave og Magnar Mølster med barna Joel, Paul og Maria. Menigheten feiret femårsdag i februar i år, så det er en ung menighet. Nå har den godt hundre medlemmer og den vokser stadig. Og vi i Gjesdal sokn kan være med dem i bønn og vi kan gi til nytt kirkebygg, som de har god bruk for.

De største utfordringene nå hos oss er søndagsskole og kirkebygg. Men det er mange gleder, og jeg vil trekke fram det kristne fotballarbeidet i Kurtna (som er organisert under menigheten, og finner sted i Saku kommunes grendeskole Kurtna). De hadde en litt stille sesong i fjor med få gutter, grunnet blant annet generasjonsskifte. Men i vinter, særlig etter at trener og ungdomsarbeider Ranno gikk ut med en oppfordring til forbønn for dette, har det strømmet nye gutter til. En av dem møter Ranno



regelmessig for å diskutere tro og liv. Som noen har sagt angående Estland, med henvisning til Jesu liknelse i Luk 15: I Estland snakker vi ikke om det ene bortkomne lammet, men om de 99 bortkomne lammene! Men de 99 er enkeltindivider, og må som regel finnes én av gangen!

Det er få ting som er så trist som når noen som har gått gjennom konfirmasjonsskolen vår, blitt døpt og konfirmert, og ikke følger opp det løftet han eller hun gav på konfirmasjonsgudstjenesten om å leve „i menighetens midte“, som man sier i Estland.

Samtidig er det få ting som gleder

mere enn å se tidligere konfirmanter som så godt de kan prøver å ta dette løftet alvorlig – ofte i en travel hverdag med småbarn. Akkurat idag gleder jeg meg over Kadri, som kommer til kirka når hun kan, og med stor iver er med og arrangerer det store Saku kirkemarked den 12. mai. Jeg gleder meg over Eleri, som ble konfirmert i 2015, og som er blitt en av menighetens sentrale ledere. Jeg gleder meg over Einar, som ble konfirmert samme år, og som nå har tatt initiativ til en grafikkgruppe – sammen med ungdomsarbeider Ranno.

Heilaganden kom til disiplene som hadde fått beksjed om å venta på dette. Frå den gjengen som var samla den aller første pinsedag har evangeliet kome utover til alle verdshjørner – heilt til Ålgård, Oltedal, Dirdal og Gjesdal! Evangeliet - den gode budskapet om at mennesket ikkje er aleine - at Gud sende son sin til soning for våre synder – det som er sjølv kjærleiken, det er Den Heilage Ande sitt oppdrag å formidle og gje kraft til å leve i

Vår sjukemelde biskop Ivar

Tekst: Erik Tangedal.

Foto: Anders Minge

19. mars 2017 vart Ivar Braut vigsla til biskop i Stavanger. Nokre månader seinare gjekk han ut i sjukepermisjon på grunn av ein alvorleg augnesjukdom. For nokre tiår sidan fekk han transplantert hornhinne på eine auga. Transplantasjonen i september 2017

var ikkje vellukka, og heller ikkje seinare på grunn av infeksjon. Det har vore og er ei tøff tid for han. I samtale med journalist Camilla Bjørheim i Stavanger Aftenblad i mars i år seier han at sjukdomsperioden har gitt han ny innsikt i korleis det er å leva med alvorlege helseplager. Han har hatt problem med å lesa, men har lytta til mange lydbøker det siste halvåret fortlade han.



Biskop Ivar har gitt uttrykk for takksemnd for alle som hugsar han i bøn.

Domprost i Stavanger, Anne Lise Ådnøy, er fungerande biskop under Ivar Braut sin sjukepermisjon.







Foto: Fotografmester Alexander Enoksen

Til alle årets konfirmanter:
«Herren din Gud er hos deg, en helt som frelser.
Han fryder og gleder seg over deg og viser deg på ny sin kjærlighet.
Han jubler over deg med fryd.» Sefanja 3,17



Foto: Fotografmester Alexander Enoksen

ABC for trua – Pinse 2018



Bjarte Hettebakke er sokneprest i Gjesdal. Dette kirkeåret leverer han teologiske refleksjoner i egen spalte kalt «Troens ABC».

²⁶ Eg gjev dykk eit nytt hjarte, og ei ny ånd gjev eg inni dykk. Eg tek steinhjartet ut or kroppen på dykk og gjev dykk eit kjøthjarte i staden. ²⁷ Og min Ande gjev eg inni dykk og

gjer at de følgjer forskriftene mine, held lovene mine og lever etter dei. Esekiel 36, 26-27

¹⁷ Nei, om nokon er i Kristus, er han ein ny skapning. Det gamle er borte, sjå, noko nytt har vorte til! ¹⁸ Men alt dette er av Gud, han som ved Kristus forsona oss med seg og gav oss forsonings-tenesta. 2 Kor 5, 17-18

Pinstid, seier folk i Gjesdal. Det er fri, langhelg og ofte sol og deilig

vær. Pinse er kyrkja sin bursdag seier nokon. Me feirar iallefall den dagen Heilaganden kom til disiplane som hadde fått beskjed om å venta på dette. Frå den gjengen som var samla den aller første pinsedag har evangeliet kome utover til alle verdshjørner – heilt til Ålgård, Oltedal, Dirdal og Gjesdal! Evangeliet - den gode budskapen om at mennesket ikkje er aleine - at Gud sende son sin til soning for våre synder – det som er sjølv kjærligheten, det er Den Heilage Ande sitt oppdrag å formidle og gje kraft til å leve i og å fortelje vidare.

Men viste du at pinsedag fantes før denne tid også? Pinse var feiring av førstegrøden i landet Israel. Feiring for alt som veks og som menneske kan sanke inn, leve av og nyte. Det var også feiring av lova som vart gjeve på Sinaifjellet. Det er skildra i 2 Mosebok 19,16 og 20,18 – legg merke til

likskamen mellom dette og pinsedag for apostlane i Apostelgjerningane 2, 2-3. Det var sterk vind, sterkt gudsnærvær og den gode budskapen når fram til menneske. Det som skjer er noko nytt, slik Paulus skriv i 2. Korintarbev. No skjer det som profeten har tala om – Gud gjev oss eit nytt hjarte, eit ekte hjarte. Og det skjer fordi Jesus Kristus har forsona oss med Gud.

Heilaganden er som ein nær ven. Den er der i tider det er vanskeleg å tru på verken Gud eller menneske. Den er der også i dei beste tidene i livet. Den er som ein vind – stundom stille stundom kraftig – som bles gjennom liva våre og held trua varm, kjærligheten glødande og håpet tent. Ei fin bøn å be i desse pinse og etterkvart sumarstider: «Heilage Ande, ta bustad i meg og fyll mitt liv med din kjærlighet, den Jesus viste på krossen for alle menneske. Vis meg din veg og gjer meg villig til å gå den.»

Du kan nå gi offer i Gjesdal sokn ved bruk av VIPPS.

Dirdal: 134528 Oltedal: 134594 Gjesdal: 135408

Du kan også alltid gi en gave til trosopplæringen i Gjesdal sokn: 125490

Dersom du lurer på noe, er det bare å ta kontakt med kirkekontoret

vipps



Gudstjenester Gjesdal sokn

- 10.juni kl 11.00 i Oltedal kyrkje v/ Bjarte Hetlebakke. Dåp, nattverd. Offer til Oltedal søndagsskole
- 01.juli kl 11.00 Gjesdal kyrkje v/ Bjarte Hetlebakke. Dåp, nattverd. Offer til Stefanusalliansen
- 15.juli kl 11.00 i Dirdal kyrkje v/ Bjarte Hetlebakke. Dåp, nattverd. Offer til Kyrkjelydsarbeidet
- 29.juli kl 19.00 Gjesdal kyrkje v/ Roald Byberg. Olsokgudstjeneste. Offer til Fredly bedehus
- 05.aug kl 11.00 i Oltedal kyrkje v/ Oddbjørn Stangeland. Dåp, nattverd. Offer til Familiemiddag i Oltedal
- 19.aug kl 11.00 Gjesdal kyrkje v/ Bjarte Hetlebakke. Presentasjonsgudstjeneste. Dåp, nattverd. Offer til konfirmantarbeidet
- 26.aug kl 11.00 i Oltedal kyrkje v/ Bjarte Hetlebakke. Presentasjonsgudstjeneste. Dåp, nattverd. Offer til konfirmantarbeidet
- 02.sep kl 11.00 i Dirdal kyrkje v/ Bjarte Hetlebakke. Presentasjonsgudstjeneste. Dåp, nattverd. Offer til konfirmantarbeidet
- 09.sep kl 11.00 Gjesdal kyrkje v/ Bjarte Hetlebakke. Dåp, nattverd. Offer til trusopplæringa
- 16.sep kl 11.00 i Oltedal kyrkje v/ Tonje Vilberg Bjerkreim. Nattverd. Offer til trusopplæringa

Gudstjenester i Ålgård menighet – Ålgård kirke

- 09.juni kl 20.00 SURRENDER ungdomsgudstjeneste
- 10.juni kl 11.00 G2 v/team. Dåp. Offer til Ungdomskjelleren
- 15.juni kl 12.30 Hverdagsmesse v/ Oddbjørn Stangeland. Nattverd
- 17.juni kl 11.00 G2 v/team. Nattverd. Offer til Ungdomskjelleren. Grilling etter gudstjenesten.
- 24.juni kl 11.00 Gudstjeneste v/ Bjarte Hetlebakke. Dåp, nattverd. Offer til Anastasia treningssenter
- 08.juli kl 11.00 Gudstjeneste v/ Bjarte Hetlebakke. Dåp, nattverd. Offer til diakoniarbeidet
- 12.aug kl 11.00 Gudstjeneste v/ Leif Oscar Reiestad. Dåp, nattverd
- 19.aug kl 11.00 G2 v/team. Dåp. Offer til ledertrening for ungdom.
- 26.aug kl 11.00 G1 v/ Oddbjørn Stangeland. Dåp. Offer til andre.
- 01.sep kl 20.00 SURRENDER ungdomsgudstjeneste
- 02.sep kl 11.00 G2 v/team. Nattverd. Offer til Jungelgjengen
- 7.sep kl 12.30 Hverdagsmesse v/ Oddbjørn Stangeland. Nattverd
- 9.sep kl 11.00 G1 v/ Oddbjørn Stangeland. Dåp. Offer til Global kafé.
- 15.sep kl 20.00 SURRENDER ungdomsgudstjeneste
- 16.sep kl 11.00 G2 v/ team. Presentasjonsgudstjeneste. Offer til Centro Creer.



Gjennom livet

Døpt

Ålgård kirke	25.02 Emma Evertsen Brekken, Einar Johan Solheim Heyeraas, Iselin Schjoldager
Ålgård kirke	04.03 Jenny Sæth
Ålgård kirke	11.03 Kasper Unhjem, Ella Malmin, Elise Løvik Nilsen
Ålgård kirke	21.03 Elias Årsvoll
Ålgård kirke	25.03 Live Nodland Nevland
Gjesdal kyrkje	01.04 Trygve Hareland Ravndal
Ålgård kirke	15.04 Jenny Ånderå
Ålgård kirke	06.05 Amalie Madland Lima, Selma Hegland
Ålgård kirke	26.05 Olav Edland, Adelen Ferkingstad Tveit, Lilli Nilsen
Gjesdal kyrkje	27.05 Knut Ole Andersen Rostøl, Hallvard Madland, Julie Espeland

Gravferder

Ålgård kirke	09.03 Kenneth Li, 44 år
Ålgård kirke	20.03 Håkon Johnsen, 87 år
Ålgård kirke	06.04 Bjørg Edland, 86 år
Gjesdal kyrkje	06.04 Berta Lima, 94 år
Gjesdal kyrkje	06.04 Kjell K B Lima, 88 år
Ålgård kirke	13.04 Aud Ragna Aalgaard, 96 år
Ålgård kirke	02.05 Ellen Margrethe Kraakenes, 74 år
Ålgård kirke	04.05 Ingeborg Marie Idland, 99 år
Ålgård kirke	04.05 Tolleiv Aasen, 91 år
Dirdal kyrkje	15.05 Åsmund Moluf, 86 år
Dirdal kyrkje	15.05 Håkon Maudal, 22 år

Vigsler

Ålgård kirke	31.03 Lene Egeland og Andres Gilje
Gjesdal kyrkje	12.05 Anne Kristine Vervik Bollestad og Tobias Hatløy
Ålgård kirke	26.05 Anita Hansen og Roger Skjæveland
Gjesdal kyrkje	26.05 Signe Olava Lindefjell og Asbjørn Birkeland



COOP
gjesdal

COOP **BYGG MIX**
ålgård
byggmarked

Café
MEGA

COOP
gjesdal
landbruk

norsk
STEIN

R. E. GJESDAL AS

når du trenger elektriker

Tlf: 51 61 71 52
Sandnesveien 20
4330 Ålgård



Odd Einar
Tlf: 932 56 656

Martin
Tlf: 932 56 659

TOTALLEVERANDØR AV AIRCONDITION - VANN - VÄRME - ELEKTRO

a.v.e
SYSTEMER

INDREGGJORTJENESTER
ELEKTROINSTALLASJON
VÄRMEPUMPER
UTENDØRS SPA
SENTRALSTØVSUGERE
KJØLEBLOKK

AVE NO • POST@AVE.NO • TLF: 69543 • JÆRVEGEN 67, 4365 HARBØ

Frafjord Bilrute
Busstransport



51616435/97116525
fracford.bilrute@yahoo.no

Lokalavisa for
Gjesdal og Figgjo

GJESDALBUEN

GJESDAL AMBULERANDE FRISØR

Ann Iren Aarre Gjesdal
Dame- og herrefrisørmester

Ønsker du frisør heim?
909 25 387



GILJE

PB
PIZZABAKEREN™

SpareBank
SR-BANK



Gjesdal Regnskap

Krambugata 15 - Postboks 166, 4339 Ålgård
Telefon: 51 61 54 00 - Telefaks: 51 61 54 01
E-post: gjesdal@gr.no - www.gjesdal-regnskap.no



JÆDER

GILJE BYGG

Din lokale trelastforhandler

Nybygg og reparasjoner
e-post: torfinn@giljebbygg.no
Mobilnr: 913 97 183

Ambulerende fotterapeut

Kristine Varhaug
Telefon: 948 84 504

Ålgård Sko



eidsaa
TANNLEGE

TANNLEGE EIDSAA AS
SPESIALIST I KJEVEORTOPEDI



NILS REIME MASKIN
 GODKJENT ENTREPRENØR-ALT I GRAVING OG TRANSPORT
 TAKSDAL 4342 UNDEHEIM
 TLF: 51 48 45 11 FAX: 51 48 60 64 MOB: 971 59 400

REMA 1000

Alt innan graving.
Svein Madland
Maskin

Brekko
 4330 Ålgård

Tlf: 51 61 68 15
 Mob: 917 55 958

svmadla@online.no

GB
BYGG AS
 Alt i tre og betong



AUT. RØRLEGGERFIRMA
Sigurd Lima AS

TOR FINN HØYLAND
 Kluge, Ålgård
 51618098 911 54 318
 Alt i legging av
 tepper og golvbelegg

AMFI 
 Mye å glede seg til. Alltid.



Gunnarshaug
Trykkeri
 www.gunnarshaug.no



FIGGJO
 NORWAY



BYGGMESTER
SLYK & ESPEVIK A/S
 Vi satser på kvalitet

KONGEPARKEN CAMPING AS

 Tlf: 51 61 75 76



Gilja Soneterapi
 Tlf: 958 03 916



Skårland bygg
 TLF: 98471994
 Nybygg - Påbygg - Rehab

Reidun Salongen

NOVA

BEGRAVELSESBYRÅ

51 61 04 00



Hanne Brit
 Sandmark
 og Møyfrid
 Hersdal

Skogveien 6, Ålgård
 www.novabegravelse.no

Begravelsesbyrå



Obed
Sandnes

Begravelsesbyrå

tlf: 51 68 13 00
 24-timers vakttelefon
 www.obed.no

KROGEDAL 
 begravelsesbyrå

DØGNVAKT

51972900

Oalsgt. 75, 4316 Sandnes

www.krogedal.no

Dragekjemperne for 4.-klassinger

I april kjørte vi for første gang trosopplæringstiltaket Dragekjemperne for fjerdeklassinger. En fin gjeng med deltakere fra ulike deler av kommunen var med, og det ble et kjekt døgn utenfor Fredly bedehus. Deltakerne fikk blant annet oppleve å være speidere for et døgn, de spikket, fikk skjef, hadde ulike aktiviteter, levde seg inn i fortellingen om St Georg, sov i telt og spiste mat ute. Etter en mini-speidergudstjeneste og aktiviteter ute søndag morgen var det tid for hjemreise, selv om noen kunne tenkt seg å være der enda lenger. Dragekjemperne viste seg å være en suksess som vil bli gjentatt neste år, så de som går i 3. klasse nå kan glede seg til helgen etter påske i 2019. Opplegget er laget av Norges KFUK-KFUM-speidere, og Ålgård og Gjesdal menigheter arrangerer det i samarbeid med Ålgårdspeiderne.



Gøy på 11-årsweekend

Lørdag formiddag høres ivrig mumling fra deltakerne som sitter samlet rundt bordene i stua på Vier leirsted. De er i gang med en oppgave, og de tre gruppene jobber for å bli raskt ferdig med samarbeidsoppgaven de har foran seg. Alle jobber godt, og plutselig høres «vi er ferdige!» fra den ene gruppa. Snart er også de andre ferdige med sine puslespilloppgaver, og gjengen flokker seg på gulvet for å se en animasjon og høre en fortelling fra Bibelen. I løpet av formiddagen har de fått lære mer om tro, egen verdi og om samarbeid med hverandre. Smilet sitter løst hos deltakerne, og her er alle en viktig del av fellesskapet.

Snart er det lunsj på trappa i solskinnet før de fortsetter med ulike aktiviteter ute. Sjøen, stranda, fotballbanen og området rundt utgjør en flott ramme rundt det hele. Til slutt er det evaluering med deltakerne. Et av spørsmålene handler om de kunne tenke seg å anbefale andre å være med på dette. Svaret er et rungende JA! Det er liten tvil om at både deltakere og ledere har kost seg dette døgnet på tur. Neste år er det nye muligheter for de som da er 5.-klassinger. Gjengen som nå var på Vier og alle andre 6.-klassinger i kommunen får tilbud om å bli med på Lys Våken i Oltedal eller Ålgård kirke første helgen i desember. Vi gleder oss!



Kirkekaffekokernes

Raketips

Hver eneste uke er det noen frivillige vi alle nytter spesielt godt av, nemlig de som lager til kirkekaffe til oss alle. For å løfte frem de, som uke etter uke disker opp med de deiligste retter, har vi valgt å ha en ny spalte i menighetsbladet. Vi håper på å få et lite innsyn i de ulike kirkekaffekokernes topphemmelige kokebøker.



Rabarbrakake i langpanne

3 egg
1,5 dl sukker
2 ts bakepulver
4 dl speltmjøl el. kveitemjøl

Pisk egg og sukker til eggedosis. Sikt i det tørre og rør deigen sammen.
Brei ut røra i lita langpanne, ca 20x30 cm.

Topping:
500 g rensa rabarbra
150 g kaldt smør
ca 1,5 dl sukker

Skjer friske rabarbra i biter, ca 5 cm, og legg de utover deigen. (Fint å bruke frosne rabarbra, da de da i ca 2 cm lange biter før frysing, og bruke noen av safta oppå kaka)
Bruk ostepost på det kalde smøret, og dekk hele kaka med dette. Dryss sukkeret oppå

Stek ved 175°C i 40-50 min.
Sikt litt melis over kaka ved servering.

I denne utgaven har vi fått en snikktitt inn i Anne Lise Tyssebotn Gjesdal kokebok. Anne Lise er en driftig dame med mange talenter og gaver som hun deler med oss. Nå deler hun også oppskriften på saftig og frisk «Rabarbrakake», som befinner seg rett som det er på kirkekaffebordet i Gjesdal kyrkje:

Dersom dere selv har noen gode oppskrifter på lager, eller har smakt en kake på kirkekaffen dere gjerne vil ha oppskriften på, send inn oppskrifter, bilder, og tips til menighetsbladet, så kan vi spre det gode budskap!